



NOREGS HØGSTERETT

Den 21. juni 2006 sa Høgsterett dom i

HR-2006-01097-A, (sak nr. 2005/1718), sivil sak, anke,

Kommunesektorens interesse-
og arbeidsgiverorganisasjon

(advokat Harald G. Nyhus – til prøve)

mot

Canal Digital Kabel TV AS

(advokat Einar Harboe)

R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård**: Saka gjeld spørsmålet om det kan skrivast ut eigedomsskatt på eit kabelfjernsynsanlegg med heimel i eigedomsskattelova 6. juni 1975 nr. 29 § 4 andre ledd, som gjeld eigedomsskatt for ”verk og bruk”.
- (2) Molde kommune vedtok i 1988 å innføre eigedomsskatt for nærmere fastsette område i kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 første punktum. Etter vedtaket skulle det dessutan vere eigedomsskatt på ”verk og bruk” i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 andre punktum.
- (3) Kommunen sende 11. juli 2002 brev til Telenor AVIDI AS – no Canal Digital Kabel TV AS – med varsel om at det vart vurdert å påleggje selskapet eigedomsskatt for kabelfjernsynsanlegget. Det vart vist til Høgsteretts dom i Rt. 2002 side 94 (Nesset). Selskapet gav faktiske opplysningar, men uttala samtidig at det meinte det ikkje var heimel for eigedomsskatt.
- (4) Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt i Molde kommune sette 10. januar 2003 verdien av anlegget til kr 34 500 000,-. Ei sakkunnig klagenemnd vedtok 20. oktober 2003 å ikkje ta klagen til følgje. Det vart skrive ut eigedomsskatt i samsvar med fastsetjinga.
- (5) Canal Digital reiste 22. april 2004 sak mot Molde kommune med påstand om at vedtaket om å påleggje eigedomsskatt var ugyldig. Det vart subsidiært gjort gjeldande at delar av anlegget ikkje var fast eigedom og derfor ikkje kunne påleggjast eigedomsskatt. Likeeins

vart det subsidiært gjort gjeldande at det låg føre saksbehandlingsfeil, særleg ved at det ikkje var halde synfaring.

- (6) Romsdal tingrett sa 22. november 2004 dom med slik domsslutning:
- ”1. **Den sakkyndige ankenemnds vedtak av 20. oktober 2003 kjennes ugyldig. Ved den nye behandlingen legges det til grunn at Canal Digital Kabel TV AS ikke er eiendomsskattepliktig i Molde kommune.**
 - 2. **Molde kommune pålegges å betale tilbake til Canal Digital Kabel TV AS innbetalt eiendomsskatt.**
 - 3. **Saksomkostninger tilkjennes ikke.”**
- (7) Det sentrale for tingretten var ”at Canal Digitals anlegg ikke kan anses som en viktig innsatsfaktor i annen – etterfølgende – produksjon”, og at anlegget av denne grunn ikkje fall inn under omgrepet ”verk og bruk” i eigedomsskattelova § 4 andre ledd.
- (8) Etter anke frå kommunen, med Kommunesektorens intereresesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS) som hjelpeintervenient, sa Frostating lagmannsrett 7. oktober 2005 dom med slik domsslutning:
- ”1. **Tingrettens dom stadfestes.**
 - 2. **Molde kommune betaler saksomkostninger for lagmannsretten til Canal Digital Kabel TV AS med 77.000 – syttisyvtusen – kroner. Oppfyllelsesfristen er 2 – to – uker fra dommens forkynnelse. I tillegg kommer den alminnelige forsinkelsesrente i medhold av forsinkelsesrenteloven § 3 første ledd, for tiden 8,75 %, fra forfall til betaling skjer.”**
- (9) Lagmannsretten kom til at anlegget gjekk inn under ”verk og bruk”. For lagmannsretten var det avgjerande at ein fast forvaltingspraksis frå slike anlegg kom i bruk, har halde desse utanfor skattlegging etter eigedomsskattelova. Om dette skal endrast, må det skje gjennom behandling av spørsmålet frå lovgivar ut frå prinsipielle synsmåtar, og ikkje gjennom domstolsavgjelder i einskildtilfelle.
- (10) KS har som hjelpeintervenient anka dommen til Högsterett. Canal Digital har teke til motmåle. For Högsterett er saka avgrensa til spørsmålet om det er lovheimel for å påleggje eigedomsskatt på kabelfjernsynsanlegget, og inn under dette om manglande utskriving fram til 2002 gjer at det ikkje i noko tilfelle kan påleggjast slik skatt. KS har lagt fram ei sakkunnig fråsegn frå ingeniør Bjørn Hobberstad og Canal Digital ei frå teknisk sjef Tommy Hexeberg. Saka står elles i same stilling som for dei tidlegare rettane.
- (11) Ankeparten – *Kommunesektorens intereresesse- og arbeidsgiverorganisasjon* – har særleg halde fram:
- (12) KS er einig med lagmannsretten når denne kom til at kabelanlegget går inn under omgrepet ”verk og bruk”. Dette kan byggjast på ei analyse av lovhistorie og lovførarbeid. Kabelfjernsynsnnettet kan sjåast på som eit produksjonsanlegg eller eit såkalla eigentleg industrielt verk. Dette omgrepet må etter rettspraksis forståast vidt, jf. at lovteksten også viser til ”liknande arbeids- eller driftsstader”.

- (13) Det er likevel vel så nærliggjande å sjå på anlegget på same vis som telenettet, som det i Rt. 2002 side 94 (Nesset) vart avgjort kan påleggjast eigedomsskatt. Synsmåten er då at dette er anlegg som understøttar dei såkalla eigentlege industrielle verka. Telenettet kan nyttast til telefon og internett, men også til ulike tenester innanfor data- og biletoverføringer. Også kabelfjernsynsnettet kan nyttast til tilsvarande føremål. Sterke likskapsomsyn tilseier derfor at også kabelfjernsynsnettet kan påleggjast eigedomsskatt.
- (14) KS er einig med Canal Digital i at det ikkje har vore skrive ut eigedomsskatt på kabelfjernsynsanlegg før dommen i Rt. 2002 side 94. Dette kan likevel ikkje hindre at slik skatt blir utskriven. I dette tilfellet har praksis ikkje bygd på sentrale rettskjelder, som utsegner frå skattestyresmaktene eller på forståing av rettspraksis. Dommen i 2002 var eit signal både til private og til kommunane om at det ville vere aktuelt med ei revurdering av praksis. Det måtte det vere høve til.
- (15) Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon har sett fram slik påstand:
- ”1. Molde kommune frifinnes.
 - 2. **Canal Digital Kabel TV AS dømmes til å betale KS – Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjons saksomkostninger for lagmannsretten og Høyesterett med tillegg av den alminnelige forsinkelsesrente etter forsinkelsesloven § 3 første ledd første punktum fra utløpet av oppfyllelsesfristen til betaling skjer.**
 - 3. **Canal Digital Kabel TV AS dømmes til å betale Molde kommune saksomkostninger for tingretten og lagmannsretten med tillegg av den alminnelige forsinkelsesrente etter forsinkelsesloven § 3 første ledd første punktum fra utløpet av oppfyllelsesfristen til betaling skjer.”**
- (16) Ankemotparten – *Canal Digital Kabel TV AS* – har særleg halde fram:
- (17) Lova rettar seg mot produksjonsbedrifter, supplert med arbeidsstader der aktiviteten er retta mot produksjon annan stad.
- (18) Kabelanlegget går ikkje inn under dei eigentlege produksjonsanlegga. Det er ingen nærliggjande parallel – sjølv justert for store endringar i samfunnstilhøva – mellom dei bedriftene som er rekna opp i lova, og eit kabelfjernsynsanlegg. Det er heller ikkje nærliggjande å sidestille eit slikt anlegg med eit kraftanlegg, eventuelt eit fordelingsanlegg for kraft, der det er heimel for eigedomsskatt.
- (19) I tillegg til dei eigentlege produksjonsanlegga er det heimel for eigedomsskatt på anlegg som er hjelpeanlegg for den eigentlege produksjonen der denne skjer andre stader. I lova er det vist til mellom anna lenser og losse- og lasteplassar. Døma i lova – og seinare praksis – viser at det her må vere aktivitet som knyter seg til anlegg som er eigedomsskattepliktige.
- (20) Saka her skil seg frå saka om eigedomsskatt på telenettet. Først og fremst er det slik at kabelfjernsynsnettet verken eignar seg for eller faktisk blir brukt av produksjonsbedrifter, med sjeldne unntak av bruk i kantiner og liknande. Nettet er heller ikkje innretta på å vere så leveringssikkert at det kan nyttast til tilknyting til internettet for næringslivet. Högsterett la i dommen om telenettet vekt på at dette er ein innsatsfaktor som har mykje å

seie for anna næringsverksemdu. Her er situasjonen såleis ein heilt annan for kabelfjernsynsnettet.

- (21) Det har gjennom meir enn 30 år vore fast praksis i alle aktuelle kommunar at det ikkje har vore skrive ut eigedomsskatt på kabelfjernsynsanlegg. Ein slik fast og langvarig praksis vil vere ei tungtvegande rettskjelde, som vil kunne vere avgjerande når lovteksten ikkje gir ei klar løysing. I dette tilfellet må private partar kunne innrette seg i samsvar med den etablerte praksisen.
- (22) Canal Digital Kabel TV AS har sett fram slik påstand:
- ”1. Den sakkyndige ankenemnds vedtak av 20. oktober 2003 kjennes ugyldig. Ved den nye behandlingen legges til grunn at Canal Digital Kabel TV AS ikke er eiendomsskattepliktig til Molde kommune.
 2. Molde kommune tilpliktes å tilbakebetale allerede innbetalt eiendomsskatt til Canal Digital Kabel TV AS.
 3. Molde kommune og KS pålegges å betale den innankede parts omkostninger for tingretten i samsvar med innleverte omkostningsoppgaver, med tillegg av lovbestemte omkostninger, samt lovens rente fra forfall til betaling skjer. Molde kommune og KS pålegges solidarisk tilsvarende ansvar for omkostninger for lagmannsretten. KS pålegges å betale den innankede parts omkostninger for Høyesterett i samsvar med omkostningsoppgave, med tillegg av lovens rente fra forfall til betaling skjer.”
- (23) *Eg er komen til at anken fører fram. Før eg går over til å sjå på dei rettslege spørsmåla i saka, vil eg seie litt om ein del tekniske spørsmål.*
- (24) I tillegg til det konkrete materialet i saka har kvar av partane lagt fram ei sakkunnig fråsegn. Sjølv om saka er vinkla ulikt frå dei to sidene, oppfattar eg det slik at det er semje om dei grunnleggjande faktiske omstenda. Med grunnlag i det framlagde materialet vil eg gi eit grovt oversyn over ulike tekniske kommunikasjonsnett. Deretter vil eg seie litt om nettet Canal Digital har i Molde.
- (25) Dei sakkunnige har lagt til grunn at det finst tre hovudtypar av leidningsbundne elektroniske kommunikasjonsnett. Det er *telenettet*, der det er nytta koparleidning. Dette har minst overføringskapasitet. I det tradisjonelle *kabelfjernsynsnettet* er det nytta ein spesiell koparkabel, ein såkalla koaksialkabel. Nemninga kabelfjernsynsnett blir brukt sjølv om slike nett også overfører radiosendingar. *Nett av optisk fiber*, som har klart størst overføringskapasitet, har fram til no vore mest nytta i hovudnett og til større brukarar, men slike nett er etterkvart også tekne i bruk i spreatingsnett til private. – I tillegg til desse netta kjem ulike former for radiosamband, som eg ikkje går nærmare inn på.
- (26) Særleg det siste tiåret har det skjedd ei nedbryting av skiljet mellom sektorane kringkasting, tele og data, jf. Konvergensutvalget i NOU 1999: 26, sjå til dømes punkt 1.1.1. Det er illustrerande for farten på utviklinga dei seinare åra at ved lova om elektronisk kommunikasjon av 4. juli 2003 nr. 83 vart den relativt nye lova om telekommunikasjon av 23. juni 1995 oppheva. I denne perioden har utviklinga av internettet stått sentralt, og i tilknyting til det også ei aukande samansmelting ikkje minst av telefon og data.

- (27) Digital Canal sitt kabelfjernsynsanlegg i Molde er bygd opp med ein matestasjon, eit stamnett og eit spreatingsnett. Matestasjonen held til i eit forretningsbygg i Molde sentrum. Det er to rom; eit kontorrom på ca. 60 m² som er sals- og administrasjonslokale for to tilsette, og eit teknisk rom på ca. 20 m², der det tekniske utstyret er plassert. Det tekniske utstyret er relativt lett flyttbart, medan flytting av kablane i bygget vil vere meir arbeidskrevjande. På taket er det plassert store parabolantener for mottak av signal.
- (28) Det er opplyst at selskapet hadde 4 928 abonnentar i Molde per 23. mars 2006. Av desse var 4 609 private abonnentar og 319 andre. Desse andre var i hovudsak sjukeheimar, aldersheimar, skular og hotell. Berre tre av abonnentane var det som kan klassifiserast som produksjonsbedrifter, og i slike tilfelle er abonnementet typisk til bruk i kantiner eller liknande. Canal Digital har vist til at spreatingsnettet ikkje dekkjer typiske næringsområde, og til at nettet ikkje er så leveringssikkert at det kan nyttast til internett-tilknyting og eventuelt breibandtelefoni av næringslivskundar.
- (29) Eg går så over til å sjå på dei rettslege spørsmåla i saka. Av referatet frå synsmåtane til Canal Digital går det fram at selskapet meiner det er etablert ein bindande praksis om at det ikkje kan skrivast ut eigedomsskatt på kabelfjernsynsanlegg. Dette spørsmålet kjem eg attende til etter at eg har gjort greie for korleis eg meiner rettstilstanden er, basert på ei analyse av rettskjeldematerialet elles.
- (30) Högsterett kom i Rt. 2002 side 94 (Nesset) med tre mot to røyster til at det var heimel for eigedomsskatt for telenettet. Eg legg dommen – fleirtalsvotumet – til grunn for mitt standpunkt i saka no. Det inneber også at det ikkje er nødvendig for meg å gå nærmare inn på om det er alternativet om industrielle verk eller om det er alternativet om andre anlegg som skal leggjast til grunn. Førstvoterande med tilslutning frå to andre dommarar bygde på det siste, idet ho såg ”det andre alternativet i § 4 annet ledd annet punktum som det mest relevante når det gjelder telenettet”.
- (31) Utgangspunktet er at det både i telenettet og i kabelfjernsynsnettet skjer overføring av elektriske signal med låg energi. Reint fysisk er det såleis svært stor likskap mellom det som skjer. Begge netta kan nyttast til tovegs kommunikasjon, og dei har også begge funksjonar som gjer at dei kan nyttast både til internett og til telefoni. Kabelfjernsynsnettet er bygd for å overføre kringkastingssendingar, men gjennom utviklinga av internettet kan også telenettet nyttast til det same. Det kan vere at telenettet er meir leveringssikkert enn kabelfjernsynsnettet, og det er nok slik at kabelfjernsynsnettet har større kapasitet enn telenettet. Men prinsipielt er det her tale om to nett som i dag kan nyttast til å utføre mykje av dei same funksjonane.
- (32) I Nessetdommen uttala førstvoterande at ”det som skjer i det moderne telenettet, må sees som en innsatsfaktor av stor betydning for annen næringsvirksomhet”. Det vart også vist til at drifta av telenettet er ”klart kommersiell”. I kva grad er så denne argumentasjonen berande også for kabelfjernsynsanlegg?
- (33) Kabelfjernsynsnettet er uomtvista klart kommersielt. Canal Digital har derimot med styrke gjort gjeldande at nettet ikkje er noko ledd i produksjonsverksemd. Det er halde fram at det ikkje er eigedomsskattepliktige produksjonsbedrifter som leverer til nettet, og at det i all hovudsak er alminnelege forbrukarar som er sluttbrukarar.

- (34) Eg kan ikkje sjå at dette kan føre fram. For eigedomsskatten er det eigedommen som er gjenstand for skatt. Dei same omstenda som førte til skatteplikt for telenettet, må også gjere det for kabelfjernsynsanlegg. Slike nett kan byggjast ut, og det vil også vere endringar i bruken over tid ut frå teknisk utvikling og ut frå endringar i marknadstilhøva. I tillegg kjem at eg meiner det bør leggjast til grunn meir generelle vurderingar, som ikkje blir knytte til det konkrete anlegget. Koparleidningar, koaksialkablar og optiske kablar med tilknytte faste anlegg elles, blir nytta til overføring av informasjon. Det er tale om anlegg med leidningar eller kablar til bruk for i hovudsak like føremål – overføring av informasjon i vidaste tyding. Næringslivet gjer seg nytte av alle desse typane anlegg, og det kan då etter mitt syn ikkje vere grunn til ulik skattlegging. Det må vere tilstrekkeleg at slike anlegg, slik tilfellet er for telenettet, gjennomgåande blir nytta av næringslivet til produksjonsføremål.
- (35) Det resultatet eg her er komen til, blir også støtta opp under av ein sterk parallel til løysinga når det gjeld nettet for elektrisk kraft, som tvillaust blir rekna for å gå inn under regelen om verk og bruk. At leidningsnettet i seg sjølv er eit produksjonsanlegg, synest å vere hovudgrunnlaget for både eigedomsskatteplikta og for klassifiseringa. Førstvoterande i Nessetsaka la vekt på den indre samanhengen mellom kraftnett og telenett, som begge transporterer elektrisk energi, sjølv om styrke og føremål er ulike. Eg er einig i dette, og meiner at denne indre samanhengen også omfattar kabelfjernsynsnett. Samanlikninga med kraftnett som sjølvstendige produksjonsanlegg kunne kanskje ha gjort at også telenett vart sett på som "eigentlege produksjonsanlegg". For min del konstaterer eg her at det som før nemnt vart gjort eit val i Nessetdommen, som eg meiner må gjelde også for kabelfjernsynsnett. Val av alternativ påverkar ikkje i noko fall plikta til å svare eigedomsskatt, og det er då ikkje grunn til å gå nærmare inn på dette spørsmålet.
- (36) Ut frå prosedyren legg eg til at eg ikkje finn det tvilsamt at anlegget i Molde i 2002 var av ein slik storleik og karakter at det skulle takast med ved utskrivinga av eigedomsskatt på verk og bruk.
- (37) Eg har lagt avgjerande vekt på leidnings- eller kabelnettet. Det er dette som etter mitt syn er avgjerande for vurderinga av anlegget. Utstyret i det tekniske rommet er konkret med på å gjere det mogeleg å nytte anlegget til kabelfjernsyn og internett, men resultatet måtte ha vorte det same utan utstyret på plass. Som før nemnt har Canal Digital av prosessøkonomiske grunnar valt ikkje å gjere gjeldande at utstyret inne i bygningen i dette tilfellet fell utanom det som kan vere gjenstand for eigedomsskatt ut frå at utstyret ikkje er fast eigedom.
- (38) Så langt er eg såleis komen til at anlegget går inn under omgrepene "verk og bruk". Spørsmålet er så om den praksisen som ligg føre med ikkje å skrive ut eigedomsskatt på slike anlegg, inneber at dette no ikkje kan gjerast. Det må kunne byggjast på at det ikkje var skrive ut eigedomsskatt på kabelfjernsynsanlegg før ein del kommunar tok opp spørsmålet etter Nessetdommen i 2002. Partane har lagt til grunn at det då hadde funnest slike anlegg av ein viss storleik i ein periode på minst 30 år. Det er ikkje viktig for meg å avklare nærmare når det skjedde ein overgang frå det som må kunne kallast fellesantenneanlegg eller små, lokale kabelfjernsynsanlegg, til større, kommersielle anlegg som eventuelt kunne gi grunnlag for eigedomsskatt.
- (39) I dette tilfellet hadde praksis ikkje grunnlag i nokon dom eller i noka fråsegn frå sentral skattestyresmakt, som kunne forståast slik at det ikkje var skatteplikt. Spørsmålet hadde

ikkje vore oppe, og det synest å ha vore Nessetdommen som vekte den kommunale interessa for eigedomsskatt for desse anlegga. Utviklinga har samtidig gått i ei klart meir kommersiell retning både for telefoni og for kabelfjernsynsanlegg. Sjølv om leidnings- eller kabelanlegga fysisk sett kanskje ikkje har vorte så mykje endra dei siste par tiåra, har det skjedd fundamentale endringar når det gjeld teknisk og marknadsmessig utnytting. I tillegg kom endringane i praksis for eigedomsskatt som følgje av dommen i Nessetsaka. Det skal mykje til for at ein rein ikkje-bruk skal føre til at kommunens rett til å skrive ut eigedomsskatt fell bort. Med den utviklinga som her har skjedd, meiner eg at denne synsmåten heilt klart ikkje kan føre fram.

- (40) Ankeparten har etter dette fått medhald. For meg har avgjerda ikkje vore tvilsam, og det bør då tilkjennast sakskostnader for alle rettane. Molde kommune har kravd sakskostnader for tingretten med 71 500 kroner, av dette 15 500 kroner i utlegg og resten salær, og for lagmannsretten med 53 000 kroner, av dette 16 000 kroner i utlegg og resten salær. KS har kravd sakskostnader for lagmannsretten med 34 351 kroner, av dette 5 351 kroner i utlegg og resten salær, og for Högsterett med 206 170, av dette 71 170 kroner i utlegg og resten salær. Nødvendige sakskostnader bør fastsetjast i samsvar med oppgåvene. Det må då tilkjennast sakskostnader med 124 500 kroner til Molde kommune og 240 521 kroner til KS.

- (41) Eg røystar etter dette for slik

D O M :

1. Molde kommune blir frifunnen.
2. I sakskostnader for tingretten og lagmannsretten betaler Canal Digital Kabel TVAS til Molde kommune 124 500 – eitthundreogtjuefiretusenfemhundre – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen med tillegg av den alminnelege forseinkingsrenta etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum frå forfall til betaling skjer.
3. I sakskostnader for lagmannsretten og Högsterett betaler Canal Digital Kabel TV AS til Kommunesektorens intereresse- og arbeidsgiverorganisasjon 240 521 – tohundreogførtitusenfemhundreogtjueein – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne dommen med tillegg av den alminnelege forseinkingsrenta etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum frå forfall til betaling skjer.

- (42) Kst. dommer **Kaasen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (43) Dommer **Øie:** Likeså.
- (44) Dommer **Stang Lund:** Likeså.
- (45) Dommer **Gussgard:** Likeså.

(46) Etter røystinga sa Høgsterett slik

D O M :

1. Molde kommune blir frifunnen.
2. I sakskostnader for tingretten og lagmannsretten betaler Canal Digital Kabel TV AS til Molde kommune 124 500 – eithundreogtjuefiretusenfemhundre – kroner innan 2 – to – veker fra forkynninga av denne dommen med tillegg av den alminnelege forseinkingsrenta etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.
3. I sakskostnader for lagmannsretten og Høgsterett betaler Canal Digital Kabel TV AS til Kommunesektorens intereresse- og arbeidsgiverorganisasjon 240 521 – tohundreogførtitusenfemhundreogtueein – kroner innan 2– to – veker fra forkynninga av denne dommen med tillegg av den alminnelege forseinkingsrenta etter forseinkingsrentelova § 3 første ledd første punktum fra forfall til betaling skjer.

Rett utskrift: